



Rosendalstunet er ein triveleg institusjon og no vert han enda trivelegare. Dette biletet var teke under utdelinga av minnemedaljane for stutt tid sidan

Kommunalsjef Gunn Tove Petterteig har i ein rapport til Helse Fonna opplyst at den gamle delen av Rosendalstunet vert tømt for pasientar i samband med rivinga. Det skal byggjast ny og flott sjukeheim med plass til 60 pasientar, I veke 45 flyttar 5 brukarar derifrå til Varaldsøy og det vil då bli 16 institusjonsbuarar og ein bebuar i bustad der,

Starten på Rosendalstunet er stipulert til januar og kommunen reknar med ein byggjeperiode på omlag 2 år.

I byggjetida vil det vera ca. 28 brukarar der. Ein tek i bruk 5 bustadar til institusjonsdrift i tillegg til korttidsavdeling 8 og skjerma avdeling 8, opplysar Petterteig.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen